

MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Vestland fylkeskommune

Avd. for Kultur, idrett og inkludering
Seksjon for kulturarv

Sandane, 17. februar 2020
Sakshandsamar: Thomas M. Walle
E-post: post@misf.no
Tlf: 92622055

Dykkar ref.:
Sak nr.: 19/4548-62

Merknader til framlegg om freding av Stryn gbnr. 86/27 – Dalheim/Singerheimen

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane har motteke framlegg om freding av eigedomen Singerheimen (Dalheim) i Stryn kommune, og vil med dette kome med nokre merknadar.

Musea i Sogn og Fjordane stiller seg bak vurderinga av Singerheimen sin kulturhistoriske verdi slik denne er skildra i fredingsforslaget, med ein særleg og særmerkt plass i utviklinga av Nordfjord-regionen. Anlegget har høg grad av autentisitet, og bør ha stor attraksjonsverdi også i framtida.

I framlegget vert det fleire plassar nemnd moglegheit for museal drift av eigedomen. Det vert vist til fleire merknadar frå privatpersoner i Noreg og utlandet, som ønsker at Singerheimen driftast som museum. Vi les desse merknadane som eit uttrykk for ei brei verdsetting av Singerheimen som kulturminne, meir enn ei grunnleggande forståing av kva som ligg i å underlegge eigedomen museal drift.

At det går føre seg drøftingar mellom eigar av Singerheimen og Musea i Sogn og Fjordane om mogleg samarbeid i drift av eigedomen, meiner vi ikkje skal tillegast vekt i vurdering av fredinga. Målet med, og utfallet av desse drøftingane er ikkje avklart, og det er identifisert fleire forhold der lokalbefolkninga sine ønsker for bruk av eigedomen står i motsetning til museet sine faglege vurderingar av korleis eigedomen og lause gjenstandar bør forvaltast på forsvarleg måte. Vi saknar i fylkeskommunen si grunngeving for freding, konkrete argument for kvifor freding *saman med* museal drift av eigedomen er rekna som den driftsforma som best kan ta vare på dei kulturhistoriske verdiane. Det er særleg i vurderinga av bruksverdi og opplevingsverdi som grunnlag for freding vi meiner det vert lagt opp til ei vedvarande interessemotsetning mellom eigar og museet:

- Ikkje-museal bruk av eigedomen som vesentleg for vurdering av bruksverdien
- Ei sterk framheving av opplevingsverdi knytt til bruk av Singerheimen som rekreasjonsstad og seinare som selskapslokale.

Vi ønsker også å peike på at anledning til å søke fylkeskommunalt tilskot til vedlikehald og istandsetting som er omtala i framlegget, er retta mot private eigarar av freda bygningar og anlegg og soleis ikkje gjeld for musea.

Musea i Sogn og Fjordane støtter på fagleg grunnlag forslag til freding av Singerheimen med utgangspunkt i anlegget si kultuhistoriske verdi, men ser at vektlegginga av bruks- og opplevingsverdi slik det er skildra i forslaget kan avgrense moglegheita for drift etter museumsfagleg standard. Musea i Sogn og Fjordane vil, slik det er kommunisert til eigar, bidra med faglege råd og tenester knytt til vidare drift av Singerheimen etter nærmare avtale, uansett kva utfallet blir av fredinga og val av driftsform.



Thomas M. Walle
Seniorrådgjevar museumsfag